



I februar hadde kommunen synfaring og då vart dette biletet teke. Men sidan har lite skjedd. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Erlend Moen og Torill Ljosnes Moen ber kommunen om ei oppdatering på korleis saka rundt etablering av busslomme på Ljosnes står no. Etter at det var synfaring i februar har det skjedd enda ei ulukke like ved husshaldeplassen.**

Denne gongen kom bilen frå Rosendal-sida og køyrde rett ut i svingen etter busshaldeplassen. Kommunen har vore i kontakt med grunneigar i vår, men sidan har han ikkje høyrte noko meir frå kommunen.

Det vart sett av 500.000 frå dei statlege tiltaksmidlane til dette prosjektet, har Grenda opplyst. I tillegg kjem dei årlege kostnadene til drosje på rundt 100.000. Prosjektet står også framleis utheva i kommunebudsjettet som ein viktig post, påpeikar ekteparet Moen.

Om ein måned startar skulane att. Denne hausten startar det elever på vidaregåande skule som då vil måtte stå i vegen på den farlegaste sida for å ta bussen til Husnes kvar morgon.

Det er difor av overordna viktigeheit at arbeidet snarast mogeleg blir sett i gang slik at desse elevane kan stå trygt på denne svært fårlege delen av riksvegen, held dei to Ljosnesbuarane fram i brevet til kommunen.

Av Ola Matti Mathisen